



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Naturutvalet  
**Møtedato:** 15.09.2010  
**Møtetid:** 15:00 - 18.40  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert 1 varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Helga Nygård	Øyvind Røen

<b>Andre som var til stades på møtet:</b>
John Inge Sandvik og Karen Tvedt Hilde-Lill Våge

<b>Merknader:</b>
Øyvind Røen var ugild i sak 44/10 – Monica Tjønna møtte for Røen. Sture Tveit var ugild i sak 36/10 og 46/10.

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<p>Marit Aase orienterte om;</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Arbeidet med Vassdragsplan/småkraftplan og framdriften av dette.</li><li>- Ålvik ferieheim sine ønskje om å utvikle eit område i Eikedalen.</li><li>- Møte med byggjeleiinga i Statnett for utbygging av Sima Samnanger.</li></ul> <p>Det skal nemnast opp to personar frå Samnanger kommune i Vassdragsregion Hordland (VRU). Utvalet slutta seg til at leiar i naturutvalet Olaug Øystese går inn som representant. Det er no avklart at det skal og vera ein kontaktperson i administrasjonen.</p> <p>Arbeidsplan for områdeplan på Bjørkheim vert sendt ut saman med møteprotokollen.</p>
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	<p>Sture Tveit spurte om;</p> <ul style="list-style-type: none"><li>-Ein gjennomgang på delegerte saker. Administrasjonen orienterte.</li><li>-Etterlyste kurs i PLB, som skal vera i lag med Fusa. Det vart orientert om at det var vanskeleg å få i gang kurs av god kvalitet i den nye lova. Utvalet bad om å få tilsendt den nye PBL.</li></ul>

	<p>-Flytebryggje ved Steinsland skule. Administrasjonen orienterte om at det er gjeve byggjeløyve på dispensasjon og administrasjonen skal sjekke om den er etablert i høve til vedtaket.</p> <p>Gunnar Bruvik spurte om kommunen eig kaia ute på Ytre Tysse. Administrasjonen orienterte om at kommunen eig gamlekaia med tilkomst mellom langebua og vetlebua, dvs. gjennom skuret som står der i dag.</p>
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Framdriftsplan for arbeidet med Strandsoneplanen og om ekstra møte i Naturutvalet den 23.september kl. 15.00

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 23.09.2010

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
031/10	10/476	Faste saker	
032/10	10/388	Byggjearbeid g/bnr. 27/24, Tysse	
033/10	10/380	Byggjesak endring av bygg hytte gnr 33, bnr 136	
034/10	10/377	Byggjesak - Delvis riving av hytte og anneks og oppføring av ny hytte gnr 37, bnr 21	
035/10	10/310	Byggjesak flytebryggje / badeplattform gnr 23, bnr 4 Haukanes	
036/10	10/352	Byggjesak bod gnr 24, bnr 253	
037/10	10/354	Byggjesak naust og utviding av veranda m/takoverbygg gnr 25, bnr 157 Steinsland	
038/10	10/366	Byggjesak soveanneks gnr 33, bnr 91	
039/10	10/330	Delingssak gnr. 25 bnr 7 Steinsland	
040/10	10/368	Delingssak gnr 3, bnr 9 Våga	
041/10	10/305	Delingssak gnr 18, bnr 10 Reistad	
042/10	10/421	Delingssak gnr 24, bnr 9 Gjerde	
043/10	10/227	Delingssak gnr 24, bnr 48, 55 Lønnebakken	
044/10	10/413	Delingssak gnr 25, bnr 5 Steinsland	
045/10	10/196	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 28, bnr 4 Tveiterås	
046/10	10/398	Delingssak gnr.29 bnr. 24 Tveit	
047/10	10/478	Delingssak Gnr 32 bnr. 6 Kvitingen	
048/10	10/214	Delingssak gnr 34, bnr 207 Eikedalen	
049/10	10/379	Delingssak gnr 35, bnr 3 Børdal	

## **SAKNR. 031/10 FASTE SAKER**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Sak 44/10 vert handsama etter faste saker (sak 31/10) og sak 37/10 og 46/10 vart handsama til slutt. Utvalet slutta seg til innkalling og saklista med desse endringane.

Det skal nemnast opp to personar frå Samnanger kommune i Vassdragsregion Hordland (VRU). Utvalet slutta seg til at leiar i naturutvalet Olaug Øystese går inn som representant. Administrasjonen avklarar ar om den 2. repr. skal vera politiskar eller frå administrasjonen.

Utvalet sitt kvarter:

Sture Tveit bad om;

- Ein gjennomgang på delegerte saker. Administrasjonen orienterte.
- Etterlyste kurs i PLB, som skal vera i lag med Fusa. Det vart orientert om at det var vanskeleg å få i gang kurs av god kvalitet i den nye lova. Utvalet bad om å få tilsendt den nye PBL.
- Flytebryggje ved Steinsland skule. Administrasjonen orienterte om at det er gjeve byggjeløyve på dispensasjon og adm.sjonen skal sjekke om den er etablert i høve til vedtaket.

Gunnar Bruvik spurte om kommunen eig kaia ute på Ytre Tysse. Administrasjonen orienterte om at kommunen eig gamlekaia med tilkomst mellom langebua og vetlebua, dvs. gjennom skuret som står der i dag.

### **NAT-031/10 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med følgjande endringar: Sak 44/10 vert handsama etter faste saker (sak 31/10) og sak 37/10 og 46/10 vart handsama til slutt.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 032/10**

### **BYGGJEARBEID G/BNR. 27/24, TYSSE**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding grunna synfaring.

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Olaug Øystese sette fram følgjande framlegg:” Administrasjonen tek kontakt med eigar av huset (g/bnr 27/24 Tysse) der ein ber om ei byggesøknad vedk. terrasse.”

Sture Tveit sette fram følgjande framlegg: ” Terrasse på gnr. 27 bnr. 24 på Tysse vert pålagt fjerna innan 31.12.10”

Det vart røysta alternativt over framlegga.

Øystese sitt framlegg fekk 2 røyster og fall og Tveit sitt fekk 5 røyster og vart vedteke.

**NAT-032/10 VEDTAK:**

Med heimel i §§ 32-3 og 32-4 vert terrasse på gnr. 27 bnr. 24 på Tysse pålagt fjerna innan 31.12.10.

**SAKNR. 033/10**

**BYGGJESAK ENDRING AV BYGG HYTTE GNR 33, BNR 136**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding grunna synfaring.

**15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Bjørn Sævild sette fram følgjande framlegg: ” Det vert gjeve løyve til fasadeendring og takheving i samsvar med søknad datert 30.06.10

Det vart røysta over framlegget, som vart vedteke med 6 røyster og 1 imot.

**NAT-033/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til fasadeendring og takheving i samsvar med søknad datert 30.06.10.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

**SAKNR. 034/10**

**BYGGJESAK - DELVIS RIVING AV HYTTE OG ANNEKS OG OPPFØRING AV NY HYTTE GNR 37, BNR 21**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding grunna synfaring.

**15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Bjørn Sævild sette fram følgjande framlegg: ” Det vert gjeve byggjeløyve i samsvar med søknad datert 30.06.10. Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon på plankrav.”

Samrøystes vedteke.

**NAT-034/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve byggjeløyve i samsvar med søknad datert 30.06.10. Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå plankrav.

**SAKNR. 035/10**

## **BYGGJESAK FLYTEBRYGGJE / BADEPLATTFORM GNR 23, BNR 4 HAUKANES**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 17-2 vert det gjeve dispensasjon til plassering av flytebryggje og badeplattform i sjøen ved Gnr. 23 bnr.4 på Haukanes. Løyvet er gjeve i samsvar med melding om av 03.06.2010

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

### **NAT-035/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 17-2 vert det gjeve dispensasjon til plassering av flytebryggje og badeplattform i sjøen ved Gnr. 23 bnr.4 på Haukanes. Løyvet er gjeve i samsvar med melding om av 03.06.2010.

### **SAKNR. 036/10**

## **BYGGJESAK BOD GNR 24, BNR 253**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan på Gnr. 24 bnr 253 i Lønnebakken.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til bygging av bod Gnr. 24 bnr 253 i Lønnebakken. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 25.06.2010.

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Sture Tveit bad om å få vera utgild i saka. Han vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå. Det var ikkje vara under handsaminga.

Rådmannen stette fram følgjande tillegg i framlegget første ledd etter reguleringsplan:” .....  
*vedk, utnyttingsgrad* på Gnr. 24 bnr 253 i Lønnebakken.

Samrøystes vedteke.

### **NAT-036/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan vedk. utnyttingsgrad på Gnr. 24 bnr 253 i Lønnebakken.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til bygging av bod Gnr. 24 bnr 253 i Lønnebakken. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 25.06.2010.

### **SAKNR. 037/10**

## **BYGGJESAK NAUST OG UTVIDING AV VERANDA M/TAKOVERBYGG GNR 25, BNR 157 STEINSLAND**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon til bygging av naust på Gnr. 25 bnr 157 på Steinsland.

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til bygging av naust på Gnr. 25 bnr 157 på Steinsland.

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon til utviding av terrasse på Gnr. 25 bnr 157 på Steinsland.

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til utviding av terrasse på Gnr. 25 bnr 157 på Steinsland.

#### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Sture Tveit sette fram følgjande framlegg:” Saka vert utsett til det føreligg meir fullstendig teikningar over det som det vert søkt om.”

Det var røysta av framlegget, som vart samrøystes vedteke.

#### **NAT-037/10 VEDTAK:**

Saka vert utsett til det føreligg meir fullstendig teikningar over det som det vert søkt om.

#### **SAKNR. 038/10**

#### **BYGGJESAK SOVEANNEKS GNR 33, BNR 91**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve byggjeløyve til et anneks på 33/91. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 29.6.2010.

#### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

#### **NAT-038/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve byggjeløyve til et anneks på 33/91. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 29.6.2010.

#### **SAKNR. 039/10**

#### **DELINGSSAK GNR. 25 BNR 7 STEINSLAND**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det ikkje gjeve delingsløyve av ein parsell i framtidig bustadområde og LNF område på Gnr. 25 bnr.7 på Steinsland.

Delinga kan godkjennast etter jordlova § 12

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Gunnar Bruvik sette fram følgjande framlegg: ” Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og §93 h vert det gjeve delingsløyve av ein parsell i framtidig bustadområde og LNF område på Gnr. 25 bnr.7 på Steinsland.

Det vert gjeve dispensasjon frå plan og bygningslova 14 juni 1985 § 7.

Delinga er med heimel i jordlova § 12 ”

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg og Bruvik sitt framlegg. Bruvik sitt framlegg fekk 1 røyst og fall, og rådmannen sitt fekk 6 røyster.

#### **NAT-039/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det ikkje gjeve delingsløyve av ein parsell i framtidig bustadområde og LNF område på Gnr. 25 bnr.7 på Steinsland.

Delinga godkjennast etter jordlova § 12.

#### **SAKNR. 040/10**

#### **DELINGSSAK GNR 3, BNR 9 VÅGA**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det ikkje gjeve delingsløyve av ein parsell i LNF område på Gnr. 3 bnr.56 på Våga.

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Sture Tveit sette fram følgjande framlegg:

”Med heimel i plan og bygningslova 14. juni 1985 §63 vert det gjeve delingsløyve av ein parsell i LNF området på g.nr. 3 b.nr. 56 på Våga.”

Det vart røysta alternativt over framlegga.

Tveit sitt framlegg fekk 2 røyster og fall.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster.

#### **NAT-040/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det ikkje gjeve delingsløyve av ein parsell i LNF område på Gnr. 3 bnr.56 på Våga.

#### **SAKNR. 041/10**

#### **DELINGSSAK GNR 18, BNR 10 REISTAD**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det gjeve delingsløyve av to parsellar i bustadområde og ein naustetomt i LNF område på Gnr. 18 bnr.10 på Reistad.

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 28.5.2010.

Vedtak frå Statens vegvesen må også etterfølgjast.



## **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

### **NAT-041/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det gjeve delingsløyve av to parsellar i bustadområde og ein naustetomt i LNF område på Gnr. 18 bnr.10 på Reistad.

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 28.5.2010.

Vedtak frå Statens vegvesen må også etterfølgjast.

### **SAKNR. 042/10**

#### **DELINGSSAK GNR 24, BNR 9 GJERDE**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til frådelling av ein bebygd parsell i LNF-område på Gnr. 24 bnr 9 på Gjerde.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

## **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes.

### **NAT-042/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til frådelling av ein bebygd parsell i LNF-område på Gnr. 24 bnr 9 på Gjerde.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

### **SAKNR. 043/10**

#### **DELINGSSAK GNR 24, BNR 48, 55 LØNNEBAKKEN**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon til frådelling av to parsellar i bustadområde på Gnr. 24 bnr.48, 55 på Lønnebakken.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det gjeve delingsløyve av to parsellar i bustadområde på Gnr. 24 bnr.48, 55 på Lønnebakken. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 09.4.2010.

## **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**NAT-043/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon til frådeling av to parsellar i bustadområde på Gnr. 24 bnr.48, 55 på Lønnebakken.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det gjeve delingsløyve av to parsellar i bustadområde på Gnr. 24 bnr.48, 55 på Lønnebakken. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 09.4.2010.

**SAKNR. 044/10****DELINGSSAK GNR 25, BNR 5 STEINSLAND****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve delingsløyve til fire tomtar på Haugane frå Gnr. 25 bnr.5 på Steinsland.

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve overføring av ein parsell ved Paradiset frå Gnr. 25 bnr.5 på Steinsland til Gnr.25 bnr. 24.

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve overføring av ein parsell ved sjøen frå Gnr. 25 bnr.24 på Steinsland til Gnr.25 bnr. 5.

Løyva gis med førehald om klager frå naboar.

Saka leggst fram utan tilråding etter jordlova § 12.

**15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Øyvind Røen bad om å få vera ugild. Han vart samrøystes funnen ugild, og Monica Tjønna møte under saka i staden.

Det er ikkje kome inn klager frå naboar eller kome tilråding frå landbruksavdelinga.

Naturutvalet er kommunen sin landbruksmynde og gjev løyvet med heimel i jordlova § 12. Samrøystes vedteke.

**NAT-044/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve delingsløyve til fire tomtar på Haugane frå Gnr. 25 bnr.5 på Steinsland.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan til deling av fire tomtar på Gnr. 25 bnr.5 på Steinsland.

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve overføring av ein parsell ved Paradiset frå Gnr. 25 bnr.5 på Steinsland til Gnr.25 bnr. 24.

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve overføring av ein parsell ved sjøen frå Gnr. 25 bnr.24 på Steinsland til Gnr.25 bnr. 5.

Løyva vert gitt med heimel i jordlova § 12.

## **SAKNR. 045/10**

### **DELINGSSAK OG REKVISISJON AV KARTFORRETNING GNR 28, BNR 4 TVEITARÅS**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon til frådeling av ein parsell i LNF område. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 24.3.2010.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det gjeve delingsløyve av ein parsell til bustad i LNF område på Gnr. 28 bnr.4 på Tveitarås. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 24.3.2010.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det ikkje gjeve løyve til frådeling av ein bebygd hyttetomt i skiområde på Totræna Gnr. 28 bnr.4.

Deling av bustadhus med 1 mål tomt kan godkjennast etter jordlova § 12

Deling av hytte i utmark kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12

#### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Det vart røysta punktvis.

1. Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon til frådeling av ein parsell i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og §93 h vert det gjeve delingsløyve av ein parsell til bustad i LNF område på Gnr. 28 bnr.4 på Tveitarås. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 24.3.2010.

Deling av bustadhus med 1 mål tomt kan godkjennast etter jordlova § 12  
1 røysta imot og 6 for, og vedteke.

2. Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og §93 h vert det ikkje gjeve løyve til frådeling av ein bebygd hyttetomt i skiområde på Totræna Gnr. 28 bnr.4.

Deling av hytte i utmark kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12

Samrøystes vedteke

#### **NAT-045/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 7 vert det gjeve dispensasjon til frådeling av ein parsell i LNF område. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 24.3.2010.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og §93 h vert det gjeve delingsløyve av ein parsell til bustad i LNF område på Gnr. 28 bnr.4 på Tveitarås. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 24.3.2010.

Deling av bustadhus med 1 mål tomt kan godkjennast etter jordlova § 12

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 63 og §93 h vert det ikkje gjeve løyve til frådeling av ein bebygd hyttetomt i skiområde på Totræna Gnr. 28 bnr.4.

Deling av hytte i utmark kan ikkje godkjennast etter jordlova § 12.

**SAKNR. 046/10**  
**DELINGSSAK GNR.29 BNR. 24 TVEIT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve delingsløyve av ein parsell på Gnr. 29 bnr.24 på Tveit.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

**15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Sture Tveit bad om å få vera ugild i saka. Han vart samrøystes funn ugild og gjekk ifrå. Det var ikkje vara under handsaminga.

Samrøystes vedteke.

**NAT-046/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve delingsløyve av ein parsell på Gnr. 29 bnr.24 på Tveit.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

**SAKNR. 047/10**  
**DELINGSSAK GNR 32 BNR. 6 KVITINGEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i § 20-1 i plan og bygningslova vert det gjeve delingsløyve for gnr.32 bnr.6.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

**15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Vedteke mot 1 røyst.

**NAT-047/10 VEDTAK:**

Med heimel i § 20-1 i plan og bygningslova vert det gjeve delingsløyve for gnr.32 bnr.6.

Med heimel i plan og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

**SAKNR. 048/10**  
**DELINGSSAK GNR 34, BNR 207 EIKEDALEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og § 93 h vert det ikkje gjeve løyve til ein mindre grensejustering på ca.320 m2 for festetomt Gnr.34 Bnr. 207.

I kommuneplan er det sett krav om bebyggelesesplan for dette området. Inntil slik plan er utarbeidd vert det ikkje gjeve løyve til grensejustering.

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

#### **NAT-048/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og § 93 h vert det ikkje gjeve løyve til ein mindre grensejustering på ca.320 m<sup>2</sup> for festetomt Gnr.34 Bnr. 207.

I kommuneplan er det sett krav om bebyggelesesplan for dette området. Inntil slik plan er utarbeidd vert det ikkje gjeve løyve til grensejustering.

### **SAKNR. 049/10**

#### **DELINGSSAK GNR 35, BNR 3 BØRDAL**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det gjeve løyve til frådeling av ein parsell i LNF-område på Gnr. 35 bnr. 3 i Børdalen.

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

Eigedomen kan delast etter jordlova § 12.

### **15.09.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

#### **NAT-049/10 VEDTAK:**

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 63 og § 93 h vert det gjeve løyve til frådeling av ein parsell i LNF-område på Gnr. 35 bnr. 3 i Børdalen.

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan.

Eigedomen kan delast etter jordlova § 12.

